

Til Lindås kommune
Eining for eigedom.
Kvernhusmyrane 20
5514 Isdalstø.

Friluftsområde – Kvamsvågen, plan-id: 1263-25082004.

Viser til mottatt nabovarsel for tiltak på gnr. 141 bnr.11 og 71 Lindås. Tiltaka gjeld søknad om dispensasjon frå reguleringsplan og for tiltak i strandområde for plassering av ny privat båt plass med uteliggjar på kommunal flytebrygge samt bygging av ein betongplattform framfor nytt naust som er planlagd bygd på gnr. 141 bnr. 71.

Lindås kommune står som ansvarleg søkjar for tiltaka ,men tiltaka skal eigast og brukast av ein privat person.

Eg har følgjande merknad til tiltaka:

Generelle vurderingar.

Som nabo til Kvamsvågen og til det regulerte friluftsområdet er eg interessert i at området vert nytta i samsvar med godkjend reguleringsplan. Det tyder at området må nyttast og utviklast i samsvar med godkjend plan. Området bør derfor utviklast som eit godt friluftsområdet der ein legg til rette for ålmenn bruk og tek vare på dei kvalitetar som Kvamsvågen har, både som friluftsområde og som eit kulturhistorisk område. Området bør derfor rustast opp med opprydding i strandsone og tilrettelegging for bade plass og annan friluftaktivitet.

I tillegg bør det kulturhistoriske takast vare på med restaurering av falleferdige gamle naust, med og utan steinmurar, og ikkje minst restaurering av det gamle kvernhuset som i dag er falleferdig, men som kan bergast for ettertida.

Vurdering og merknad til innhaldet i nabovarslet.

Det er søkt om to tiltak som begge er i strid med gjeldande reguleringsplan og i strid med byggjeforbodet i strandområder.

- 1. Ein ny privat uteliggjar med privat båt plass plassert ved kommunal flytekai.**
Området er øyremarka til ålmenn bruk og fortøying av båtar for alle som nyttar seg av friluftsområdet. Tiltaket vil avgrensa bruken av området og er til ulempe både for ålmenta og for meg som privat eigedomseigar, som har båt plassar tett opp til dette området. Min båt plass kan bli skadelidande med redusert tilflåt. Det er i dag 7 naust i naustrekka. Med kvar sin båt plass ved flytekaien vert det 7 plassar. Ved flytebryggja er det i dag 13 plassar. Det skulle såleis ikkje vera naudsynt med ein båt plass til.
- 2. Bygging av ein betongplattform som skal kome framfor eit naust som ikkje er bygd.**
For det første bør ikkje dette naustet byggjast i det heile då det aukar privatisering av området og reduserer området sin kvalitet som friluftsområde. Omsøkte betongplattform på 28 kvm. tar deler av friområdet/grøntområdet reint fysisk slik at dette blir mindre. I tillegg vil bruken av nytt naust og denne betongplattformen

privatisere området ytterlegare. Den nyttbare og lett tilgjengelege delen av friluftsområdet er ikkje særleg stor og vil med dette tiltaket bli redusert ytterligare.

For meg som nabo, vil omsøkte tiltak privatisere området ytterlegare og vil derfor og medføre meir privat aktivitet og større trafikk med båtar, reparasjonar m.m. som vil gå utover trivselen i området.

Merknad til grunngjevinga for dispensasjonsøknadene.

Etter regelverket for dispensasjonar i Plan-og bygningslova skal dispensasjonar berre gjevast dersom fordelene med å gi dispensasjon er vesentleg i høve til den ulempen dispensasjonen vil gi for bruk av området for ålmenta. Vidare at dispensasjonen ikkje i vesentleg grad hindrer den planmessige bruken av området og ikkje i vesentleg grad er i strid med regelverket i Plan-og bygningslova.

Dersom målet med å gi dispensasjon kan oppnåast på anna måte, skal anna måte nyttast.

I dette høvet er den einaste grunnen som er oppgjeven til at dispensasjon skal gjevast, at ein privat person skal få båt plass og naust med betongplattform framfor naustet. Lindås kommune nemner i si grunngjeving at årsaka til dispensasjonen er å gi betre tilkomst til friluftsområdet for rørslehemma og få til parkeringsplassar for privatbilar som i dag parkerer ved fylkesvegen når folk skal nytta friluftsområdet. Dette er sjølvsgd viktige føremål som kommunen skal syte for, når dei har regulert og eig eit friluftsområde som ålmenta skal ha tilgang til.

Slik rett til tilkomst kan kommunen som styresmakt, sikre seg enten ved frivillig avtale med grunneigar som då får eit økonomisk oppgjerd for tapt verdi basert på minnelige ordningar eller etter takst. Dersom frivillig ordning ikkje lukkast, kan kommunen som styresmakt regulere og deretter oreigne tilkomstrettar og parkeringsrettar utan at det vil gå utover ålmenta sin bruk av friluftsområdet. Dette vil vera ei mykje ryddigare ordning enn det kommunen nå legg opp til.

Konklusjon.

Etter mitt skjøn, både som nabo og som brukar av friluftsområdet, er den grunngjevinga som kommunen oppgjev i dispensasjonssøknaden i strid både med reguleringsplanen for området og Plan-og bygningslova sitt byggjeforbod i strandområder. Søknaden må derfor avslåast.

Kvamsvågen 17.oktober 2016.

Mvh.

Eigar av gnr. 141 bnr. 7.

Helge Haugland.

Kopi til Ordføraren i Lindås